

Til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Kopi Kulturdepartementet

Vår referanse: 597975
Deres referanse: 12/6969
Dato: 17.01.2013

Høringsinnspel til NOU 2012: 15 Politikk for likestilling

Innleiing

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) har i mange år arbeidd for auka likestilling i idretten, og slik også i samfunnet. NIF meiner at den andre utgreiinga frå Likestillingsutvalget, *NOU 2012: 15 Politikk for likestilling*, er ein grundig gjennomgang av viktige saksområde.

Utgreiinga sin omtale av idretten

I kapittel 6.4.2 *Breddeorganisasjoner* tek utgreiinga opp idretten si utfordring med skeivrekuttering av gutar og jenter med minoritetsbakgrunn. I same kapittel tek utgreiinga opp fordelinga mellom kvinner og menn i styrer og topposisjonar i idretten.

I kapittel 14.3.2 Seksuell trakassering i arbeids- og organisasjonsliv viser utgreiinga til undersøkingar frå idretten om seksuell trakassering og overgrep.

NIF ser på det som naturleg at utgreiinga tek med døme frå organisert idrett. Dei tre døma som er nemnde er også område idretten har arbeidd særleg med. NIF vil i denne samanheng særleg vise til vårt politiske styringsdokument for gjeldande tingperiode, Idrettspolitisk dokument 2011 – 2015, og særleg punkt 2.4 *Inkludering*.¹

2.4. Inkludering

Mål: Deltakelsen fra underrepresenterte grupper skal økes, slik at deltakelsen på en god måte gjenspeiler mangfoldet i samfunnet, ved at

- *alle er velkomne og skal føle seg trygge i idrettslagene.*
- *forhold som begrenser enkelte gruppers deltakelse, fjernes.*
- *nulltoleranse for diskriminering og trakassering uansett kjønn, etnisitet, livssyn, seksuell orientering og funksjonshemming håndheves.*

¹ <http://www.idrett.no/omnif/ipd>

Innspel til framlegg i kapittel 16.5.2 Program for forebygging av seksuell trakassering

Utgreiinga har i kapittel 16 *Innsatsområder* mellom anna eit framlegg om at vert sett i gang eit Program for forebygging av seksuell trakassering.

Utvalget anbefaler at det igangsettes en egen programsatsning for forebygging og bekjempelse av seksuell trakassering i skolen. Målgruppen for satsningen vil være elever på ungdomskole og videregående skole og personell som arbeider med barn og unge i skolen. Det foreslås at satsningen forankres i et direktorat for likestilling. Utvalget anbefaler at 30 mill. kroner av det foreslåtte ti-årige utviklingsprogrammet for lokalt likestillingsarbeid, jf. forslag i NOU 2011: 18 Struktur for likestilling, settes av årlig til lokalt initierte prosjekter for å forebygge seksuell trakassering og andre seksuelle krenkelser, både i skolen og på fritidsarenaer. (omtale henta frå s. 379)

NIF meiner det er viktig å auke innsatsen mot seksuell trakassering og overgrep, og har prioritert dette arbeidet særleg siste åra gjennom nye retningslinjer og informasjonsbrosjyre mot seksuell trakassering og overgrep i idretten.²

Vår erfaring er at det er naudsynt med meir informasjon om dette både i idretten og på andre samfunnsområde. Vår erfaring er også at det å ta opp temaet i seg sjølv, på møteplassar og i skulering i organisasjonen, har stor effekt gjennom å redusere tabuet rundt temaet og slik redusere terskelen for å ta opp og reagere på saker der dette skulle kome opp.

NIF meiner det er viktig at ein i planlegging og gjennomføring av eit slikt program sikrar involvering av frivillige organisasjonar generelt og idretten spesielt. Det er særleg viktig at innsats i skule og fritidsarenaer er koordinert slik at born og unge er trygge på at det er same grenser som gjeld både i skulen og i organisert fritidsaktivitet.

Innspel til framlegg i kapittel 17 Kunnskapsbehov

(17.3.4.1 Omfangsundersøkelser: Seksuell trakassering og voldtekt og 17.3.4.2 Omfang av kjønnsdiskriminering)

NIF støttar utvalet sine framlegg om å få meir kunnskap om omfang av både kjønnsdiskriminering og seksuell trakassering og overgrep, og særleg desse tilrådingane frå utvalet:

- *Utvalget vil understreke at det her er behov for undersøkelser som kan gi økt forståelse av sammenhenger mellom på den ene siden holdningar til kjønn og seksualitet, og på den andre siden former for seksuell trakassering. (s.365)*
- *Utvalget anbefaler derfor at det gjennomføres en nasjonal representativ undersøkelse om seksuell trakassering og seksuelle krenkelser i skolen. (s. 365)*

2

NIF ønskjer at ein i arbeidet med å få meir kunnskap om kjønnsdiskriminering og seksuell trakassering og overgrep, også kan medverke til meir kunnskap frå friviljuge organisasjonar generelt og idretten spesielt.

Oppfølging

NIF er sjølvstendig tilgjengeleg til å kome med nærare informasjon om eige arbeid på relevante område der departementet i sitt vidare arbeid med oppfølging av utgreiinga skulle ha interesse av dette.

Med venleg helsing



Anja Rynning Veum
Utviklingssjef
Norges Idrettsforbund

Håvard B. Øvregård (s)
Rådgjevar